



Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

Møtedato: 08.11.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 - 16:05

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Alexander Helle	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Roy Bø	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Øystein Reidar Moldeklev-permisjon – deltok ikkje i sak 045/047	FRP	Roy Bø - H

Følgjande frå administrasjonen møtte: Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg, Martin Kulild-assisterande kommunedirektør, Terese Folgerø-kommuneoverlege, Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg, Eva Mikkelsen-prosjektleder helse og omsorg, Simon Grandahl-rådgjevar helse og omsorg, Vibeke Erstad-tenesteleiar Psykisk helse og rus, Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habiliteringstenester, Arngunna Haga-avdelingsleiar NAV, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Det møtte 7 av 8 medlemmar i utvalet.

Sakliste

Saknr	Tittel
041/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
042/22	Godkjenning av møteprotokoll 04.10.2022
043/22	Evaluering prøveordning - Kommunalt følge på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne
044/22	Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune
045/22	Samlokalisering av avlastingstiltak i Alver kommune
046/22	Meldingar til utval for helse og omsorg 08.11.2022
047/22	Eigarskapsmelding
048/22	Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i Alver kommune frå 2023.

041/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP løfta fram sak 046/22 til etter sak 041/22.

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste med endring gjort i møtet.

HO- 041/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

042/22: Godkjenning av møteprotokoll 04.10.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes møteprotokollen for 04.10.2022.

HO- 042/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

043/22: Evaluering prøveordning - Kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning kommunal følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023.

Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkeleg jamfør søknadstal vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

Eldreråd 07.11.2022:**Behandling:**

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet meiner det på grunn av koronapandemien og lite bruk av prøveordninga, er riktig å forlenga prøveperioden for å få meir erfaring med ordninga med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale.

ER- 045/22 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet meiner det på grunn av koronapandemien og lite bruk av prøveordninga, er riktig å forlenga prøveperioden for å få meir erfaring med ordninga med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreiser

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:**Behandling:**

RMNF støttar kommunedirektøren sitt framlegg, samrøystes.

RMNF- 050/22 Vedtak:

RMNF støttar kommunedirektøren sitt framlegg.

Ungdomsråd 07.11.2022:**Behandling:**

Ingen orientering i saka

UR- 038/22 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**Behandling:**

Utvalet vedtok samrøystes kommunaldirektøren sitt framlegg.

HO- 043/22 Vedtak:

Utvalet kjem med følgjande innstilling i saka:

Alver kommunestyre godkjenner å forlenge prøveordning med kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne ut 2023. Ubrukte fondsmidlar til føremålet vert overført frå 2022 til 2023. Om tilgjengelege fondsmidlar i 2023 ikkje er tilstrekkeleg, jamfør søknadstal, vert det fremja eiga sak.

Det vert utforma evalueringsrapport innan desember 2023.

044/22: Kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelatert aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 051/22 Vedtak:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Behandling:

Sølvi Knudsen-SP er fast møtande 1.varamedlem til styret i Gløde, og ho ba utvalet vurderer sin habilitet i denne saka. Utvalet konkluderte samrøystes med at Knudsen er habil, og ho deltok i handsaminga av saka.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande felles tilleggframlegg til kommunedirektøren sitt framlegg:

Utval for helse og omsorg ber kommunaldirektøren komme tilbake i kommunestyret om konsekvensen av å endre ordbruken i retningslinja frå aktivitetstiltak til oppgåve.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggframlegg sett fram i møtet.

HO- 044/22 Vedtak:

Utvalet for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:

Alver kommunestyre godkjenner kommunal retningslinje for velferds- og arbeidsrelaterte aktivitetstiltak hjå vekstbedrift i Alver kommune jamfør vedlegg.
Utval for helse og omsorg ber kommunaldirektøren komme tilbake i kommunestyret om konsekvensen av å endre ordbruken i retningslinja frå aktivitetstiltak til oppgåve.

045/22: Samlokalisering av avlastingstiltak i Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

- a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
- b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.11.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habilitetstenester
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 052/22 Vedtak:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 07.11.2022:

Behandling:

Ingen orientering i saka

UR- 044/22 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orientering

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

HO- 045/22 Vedtak:

Utvalet kjem med følgjande innstilling i saka:

Alver kommunestyre godkjenner følgjande:

- a. Røsvikrenen 4-6 vert tatt i bruk som avlastingsbustad, som alternativ til noverande avlastingstilbod på Ostereidet, Røsvikrenen i Knarvik og Havnevegen på Frekhaug.
- b. Klargjering av bustad vert finansiert innanfor gjeldande budsjettramme.

046/22: Meldingar til utval for helse og omsorg 08.11.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Behandling:

Det vart gjeve følgjande meldingar og orienteringar:

1. Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – status v/Eva Mikkelsen-prosjektleiar/Simon Grandahl-rådgjevar helse og omsorg/Vibeke Erstad-tenesteleiar Psykisk helse og rus/Bernt Fjordheim-tenesteleiar Habiliteringstenester.
2. Status oppfølging av politiske saker - v/Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg
3. Notat - busetting av flyktingar - v/Arngunna Haga-avdelingsleiar NAV
Notatet var lagt ved saka og ettersendt utvalet før møtet.

May-Irene Wergeland-SP sette fram følgjande felles protokolltilførsel knytt til orientering nr 3:
Utval for helse og omsorg gjev si tilslutning til brev frå IMDI, og er positiv til å busetje flyktingar frå Ukraina som har tilknytning til allereie busette personar i kommunen (dette gjeld tilknytning både til familie og vener/sosiale relasjonar). Dette gjeld i tillegg til dei 180 som alt er busette.

Utvalet vedtok samrøystes meldingar og orienteringar med protokolltilførsel sett fram i møtet.

HO- 046/22 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for helse og omsorg gjev si tilslutning til brev frå IMDI, og er positiv til å busetje flyktingar frå Ukraina som har tilknytning til allereie busette personar i kommunen (dette gjeld tilknytning både til familie og vener/sosiale relasjonar). Dette gjeld i tillegg til dei 180 som alt er busette.

047/22: Eigarskapsmelding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka tas til orientering

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**Behandling:**

Assisterande kommunedirektør Martin Kulild orienterte i saka.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande felles tilleggsframlegg til kommunedirektøren sitt framlegg:

*Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til:
For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventta avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.*

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med felles tilleggsframlegg sett fram i møtet.

HO- 047/22 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

*Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til:
For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventta avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.*

048/22: Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i Alver kommune frå 2023.**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:**Behandling:**

Kommuneoverlege Terese Folgerø orienterte i saka.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

HO- 048/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:

Alver kommunestyre tek saka til orientering og ØHD-tilbodet i kommunen vert frå 01.01.2023 organisert ved Knarvik sjukeheim, korttidsavdeling.